



Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/170447-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
14.11.2017

Løyve – Byggjegrense – Fv. 409 – Terrasse – gnr. 22 bnr. 37 – Radøy kommune

Vi viser til søknad av 05.10.2017.

Vedtak

Med heimel i veglova §30 og §34 gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot Fylkesveg 409 for å oppføre terrasse på gnr. 22 bnr. 37 i Radøy kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 23.06.2017.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 409 skal vere minst 7,5 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrsel må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fv. 409.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Tiltaket ligg langs fv. 409. Fartsgrensa på staden er 50 km/t, årsdøgertrafikk (ÅDT) er 400. Strekninga er klassifisert til Haldningsklasse 4 jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*. Det er søkt om å oppføre terrasse i bustadhuset si andre etasje. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden finn vi at det kan gjevast løyve til oppføring av terrasse som omsøkt.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg

Veglova [§29](#), [§30](#), [§34](#), Situasjonsplan 23.06.2017